


SPRÅNG



MED ARBEIDSTEIKNINGAR
AV ANNA GROSTØL

OLAF NORLIS FORLAG, OSLO 1952

S P R A N G

ANNA GROSTØL

S P R A N G

MED ARBEIDSTEKNINGAR




OLAF NORLIS FORLAG
OSLO 1932

Før det kom ut nok en bok om sprang her heime, hadde eg freista å teikne slike arbeid så at teikninga kunde vere grei å bregde etter og gjeve eit nokolunde rett bilet av mønstret. Såleis vart dei til, desse arbeidsteikningane av norske sprangmønster. Og då mange har bede meg om å få dei trykt, så kjem nokre av dei her.

Utan god hjelp frå mange kantar kunde eg ikkje ha funne dei gamle bordene. Difor er eg mykje takksam mot alle som har hjelpt meg med råd eller lånt meg bregda arbeid. Omframt må eg få takka direktør Sandvig, som har late meg teikne og få fotografi av sprang frå "De Sandvigske Samlinger" på Maihaugen, Lillehammer, og Norsk Folkemuseum, Bygdøy, ved direktør Aall, for fotografia derfrå.

Anna Grostøl.

Fig. 1. Sprang fra Hallingdal. (Norsk folkemuseum).
Sjå arbeidsteikning.



Sprang.

Bregding eller sprang er som me veit namn på eit eldgammalt handarbeid. Her i Noreg er det viss berre ein gong funne sprang frå forntida. Det er ein hoselegg som er bregda av ulltråd. No er han i Stavanger Museum; men til 1921 låg han i ei myr på Tegle i Time sokn på Jæren saman med noko ullgarn og ulltråd. Direktør Dedekam skreiv at tinga truleg hadde lege i jorda sidan 3—4 hundreåret e. Kr.

Og så har kunsten levtt i norske bygder den lange tida frå då til no, og vore nytta både til slysting, til helgeplagg og til kyrkjepryd. Trass i at desse mønstra er gamle, ser sume likevel heilt nye ut. Sjå t. d. fig. 18. Og har nokon hug på å bregde eit anna mønster, så er det no lett å lage ei arbeidsteikning til det.

Dei som berre har hørt at sprang er eit slag knipling, trur det må vere eit seint arbeid. Har dei så set ei bord av tuntingarn, så tykkjer dei nok at sprang er vent, — men det er altfor seint for folk no, tenkjer dei, og tar til å strikke eller hekle att. Alt handarbeid syner no meir etter strevet når ein arbeider med tjukt garn enn når ein nyttar tunnare. Til fyrnser på porrerar t. d. høver det best å bregde av heller *tjukt* garn.

Når ein bregar ei borde attmed øvrekanten av weven, lagar det seg eit stykke til av same slaget ved nedrekanten, så ein får lage to like arbeid på same tida. Derfor kan ein bregar ei borde kring ein duk t. d. likså snart som ein kan hekle eller strikke av same garnet. Og såg ein så dei tre ferdige bordene attmed einannan,




Fig. 2. Duk med sprang og uttreksaum.
Sjå arbeidsteikning.

Har ein bruk for det, er det lett å dele ei sprangborde så dei nye kantane vert heilt like dei jarane ein har bregda. Då dreg ein bare to trådar som ligg attmed einannan, ut av borda.

Bregdestol og garn.

Fra gammalt kunde ei sprangramme eller ein bregdestol vere så ymse på lag og storleik.

Her er bilete av ei ny ramme (fig. 3), som er svært lett etter storleiken, men heilt stø og fast. Attpå har ho den føremoenen at ein kan ta henne sund, som ein vanleg vevstol. Arbeidsteikninga som ligg bak i boka er laga til store arbeid. Derfor kan ein godt ta høgd og breidd noko mindre, t. d. 125 cm. × 65 cm. til vanleg bruk. Pass på at tverrhola kjem til å stå nett like høgt på både sider av ramma. Eller ein kan setje augeskruer på innsida av ramma i staden for hol.

Er ein øvd, kan ein godt bregde med berre to skjelspidrer

viledetsjåutsom om spranget var laga av tunnare garn enn dei to andre arbeida.

Det er ikkje vanskeleg å lære bregding. For i alle dei sprangmønstrasomeribruk i Noreg no, er det bare to slag „mosker“. Det eine takket er å leggie ein tråd på skrå over ein annan tråd — og det andre taket er å la slik ein trådkross gli op att!

Før ein tar i bruk ein ny bregdestol, kan ein dra ein sterkt trådgjennom alle sideholna, eller augeskruene, påkvartavtakten, borda i bregdestolen fra øvst til nedst.

Fest trådane opp og ned. På framsida av ramma vert det då skråtrådar til å feste skjelspidrene i opetter både kantborda (fig. 3).

Tråden til sprang er best å arbeide med når han er noko hardtvunnen. Gamle norske sprang er ofte bregda av tunt, heime-spunne lingarn. Men no bruker vi tråd av ull eller silke, lin eller bomull.

Å renne og bregde slyng.

Ein lærer tako fortast på grovt garn. Hovoldgarn nr. 12/9 plar derfor vere greitt til ei prøve. Nyst først op tråden.

Legg ein hovoldtråd dobbel, og bitt han stramt tvøs over ramma mellom dei to hola eller augeskruene som er liitt ovanfor akslehøgd når ein sit framføre ramma. Bitt ein tverrtråd til av same slaget ikring 50 cm. lengre ned. Surr så ei skjelspidre




Fig. 4. 2 like bregdestolar. I den ene er det vev og den andre er teken sund. Sjå arbeidsteikning.




Fig. 5. 2 like bregdestolar. I den ene er det vev og den andre er teken sund. Sjå arbeidsteikning.




Fig. 3. 2 like bregdestolar. I den ene er det vev og den andre er teken sund. Sjå arbeidsteikning.

¹ Til den første prøva kan ein godt bruke ein opstadvev, eit slag ramme eller beina på ein gammal stol — bare der er høve til å setje fast nokre augeskruer (eller spikker) opetter stolbeina eller sidebjelkane i vevstolen. Og har ein ikkje skjelspidrer, plar linjalar eller andre beine lisler eller stenger gjere same nytta.

Ramma (fig. 3) er laga av Asbjørn Rosenberg, Odnes.

urikkande fast attmed kvar av tverrträden, såleis at den øvste tverrträden ligg langs ørekanten av den eine spidra og den neste träden langsmed nedrekanten av den andre spidra. Då er det lettare å få renninga jamstram, enn om ho bare ligg over tråd.

Knyt renningsträden om spidra og nedre tverrträden, bort mot vinstre sida av ramma, med ein knute som er lett å løyse, og ta nysta bakfrå rundt øvrespildra og tverrträden. Ta det så ned og bakfrå rundt nedrespildra og tverrträden, og så op att.




Fig. 6. Sprang fra Torpe, Hallingdal.

(Norsk Folkemuseum).
Sjå arbeidsteikning.

Renn såleis op til vev mellem tverrträden med støtt å ta nysta *bakfrå* rundt tverrträden og spidra, og sjå til at alle renningsträdar er like stramme. När du har rent op 37 trådlykkier over øvrespildra, (74 einskildträder), er det nok til prova fig. 10, og du kan klyppe tråden av og knyte han i ein fast knute om den nedre tverrträden.

Stikk så inn ei skjelspildre til attmed den øvste tverrträden, så at ingen tråd ligg mellom dei to spildrene. Dra den lause spidra eit par handbredder nedover i veven, og set henne fast i eit par skråträdar. Set ei skjelspildre inn ved den nedre tverrträden på same måten, skuv henne op mot den andre midtspildra, og fest også denne spidra i skråträdar. Sjå så etter at alle renningsträdane ligg i kross mellom midtspildrene.

Ein tar alltid til å bregde i høgre sida av renninga og ved øvre kanten. Stikk dei fire fingrane på v. (vinstre) handa heilt inn i det øvste skjelet attmed spidra, frå v. mot h. (høgre). Då kjem halvparten av renningsträdane til å liggle inni v. handa, (framträdar), og halvparten heng bakanfor henne, (bakträdar). Ta med h. klype dei to bakträdane som heng først bakom fingrane på v. handa inn i h. handa. La etterpå den fyrste av trädene inni v. handa gli ut over v. fingertuppene og hange bakom fingerne på h. handa. Dette var fyrste slyngen. Gå så med h. klype

framom den lause tråden bak h. hand, og ta den tråden som nå er fyrste bakträden bak v. hand op i h. hand. La den tråden som no ligg ytst på v. fingrane, gli ned bak h. hand, og andre slyngen er bregda. Tredje slyngen er nett som andre: ein tar h. klype framom dei to trädene bak h. hand, tar fyrste tråden bak v. hand inn i h. hand, og let fyrste tråden i v. hand gli ned og bak h. hand (fig. 7). Sjå heile tida nøgie etter at du tar trådene etter kvarandre som dei ligg mellom midtspildrene. Gjer du ikkje det, kan renninga kome til å liggje uregitt over den nedre tverrträden. Bregd no bortover som du laga andre og tredje slyngen: ta fyrste baktråd op og la fyrste framtråd gli ned, baktråd op og framtråd ned, o. s. b. Når du kjem så langt at du tar den siste av bakträdene op i h. handa, har du enno att to trådar inni v. handa. La dei gli ned saman. Dei svarar til dei to bakträdene du tok op saman i fyrste slyngen.

No er dei trädane som før var på baksida av øvrespildra, komme fram i h. handa, og det er såleis laga eit nytt skjel. Set ei skjelspildre inn i dette nye skjelet før du tar handa ut or det, og fest spidra i skråträdane. Løys så den øvste skjelspildra, og ta henne varleg ut, så trådlykkjene ikkje blir framom einannan. Det er siidig at denne spidra står i veven medan du bregdar fyrste råda, derfor tar du ikkje spidra ut når du har rent.

Ta ein hovoldrärd vel $1\frac{1}{2}$ m lang, og knyt endane om eit av dei øvste hynro i ramma. Ta så og surr den doble tråden om hyrna, til lykkja berre når ned til den øvste tverrträden. Gjer sameleis attmed den andre sida av ramma.

Skuv no skjelet op til tverrträden med den spidra du sist sett inn, og heng spidra i dei to trådlykkjene du nett laga. Dei må vere so korte at dei klemmer skjelet og spidra op mot tverrträden. Ligg renningsträdane uregitt på tverrträden, er det best å rette på det no. Dra ut den nedste av dei to midtspildrene; for ho gjer




Fig. 7. Tridje taket er mest ferdig.

ikkje nok gagn lenger. Løys den øvre midspildra fra kanttrådane, og flytt henne nedover i veven heilt til den nedste spildra. Til denne smale prøva er det greitt å sette dei spildrene ein har nede i veven, fast i skrårtrådar, så dei ikkje blir ut av skjel. Set ei ny spidle inn i det skjelet den øvste spilda held, og arbeid den nye spilda nedover til dei andre to.

2. rad. Stikk v. handa fra v. heilt inn attmed den øvste skjel-spilda, dra spilda ut or trålykkjene og ut or veven, og ta til å bregde opp i h. kanten av arbeidet att. Til fyrste slyngen tar ein no fyrste baktråden inn i h. handa og lar den fyrste av dei to framtrådane gli bak h. hand.

Til næste slyngen tar ein den tråden som no ligg fyrst bak v. hand, op i h. hand, og fyrste tråden i v. hand blir bak h. hand. Hald fram slik: baktråd fram, framtråd bak — baktråd fram, o. s. b. Når det så berre er att to trådar bak v. hand og to trådar i v. hand, held ein på som ført: ta ein baktråd op, la ein framtråd gli bak — ta siste baktråd op i h. hand, la siste framtråd gli bak. Set så ei skjelspilde inn i dette nye skjelet, ta handa ut, og la spilda hange i trålykkjene. Stikk inn ei spidle til i det siste skjelet, og arbeid henne nedover til dei andre spildrene nede i veven. Sjå etter at alle trådane krosser mellom spildrene, så baktrådane kjem fram og framtrådane bak. Også kanttrådane. Gjer dei ikkje det, er det best å bregde heile rada omatt på denne vesle prøva. Ta då berre den øvste av skjelspildrene nedde i veven opover mot øvrekanteren og så ut or veven. Set v. handa inn i det fyrre skjelet nede i veven, la handa gli over, ta spilda ut av lykkene, og bregd 2. rad omatt. Ver varsam så ikkje ein tråd kjem på urett side når du set inn ei spidle.

3. rad bregdar ein som 1. Ein tar v. handa inn i skjelet og drar spilda ut. Til fyrste slyngen tar ein to baktrådar saman inn i h. hand, og lar ein framtråd gli bak. Andre slyngen og heile rada bortover er bare å byte trådane som vanleg: ein tråd fram




Fig. 8. Hovudklut frå Hol, Hallingdal med svartsaum og innfelt sprang. (Norsk Folkemuseum).

og ein tilbake, heilt til siste slygen. Der tar ein den siste baktråden fram og lar to trådar gli saman tilbake. For kvar gong du bregdar ei rad, flytter du det nedste skjelet ned med ei spidle som vert stående i veven ei stund. Når du har bregda 3. rad, er det 5 spilder nede i veven, og ei spidle heng i trålykkjene. Ta då ut nokre av spildrene, men ikkje meir enn ei i senn. Og det er støtt den nedste. Løys knuten på renningstråden i v. kanten av ramma og knyt bare kring tverrråden. Løys så den nedste spilda, og ta henne varsamt ut. Dra næste spilda ned, og sjå etter at renningstrådane ligg greitt etter einannan på tverrråden, så kanten vert fast og fin. Ta den spilda ut og dra næste spilda ned. Skuv henne att og fram i skjelet til å jamne veven, og ta henne ut. Dei to siste spildrene lar du stå nedst i renninga nokre rader. Ta seinare ut spilder av og til. Men sjå til at den borda som vert laga nede i veven, vert likså jamm og nett så brei som øreborda.

4. rad. Då bregdar ein som i 2. rad. Alle slynga er like. Prøv no å bruke bare peikefingeren på h. hand til å ta baktrådane op med. Det går fortare enn når ein nyter klypa. I dei øvste radene på fig. 9 ser vi at ein tråd støtt ligg på skrå over *to* trådar. Ein overtråd ligg for over sin eigen partråd, og vi legg han over ein tråd til — over fyrste undertråden på v. sida. Dersom vilar ein overtråd krossa over *tre* trådar, ser vi at veven vert laus og lite ven, og går tråden berre over *ein* tråd, d. e. rund sin eigen partråd, vert det snor og ikkje vev. Skal ein få trådane til å henge saman i vev, må ein bregde med tre trådar til fyrste og siste slygen i annakvar rad. Det er oddetalsradene 1., 3., 5., 7., o. s. b. ein bregdar så. I partalsradene 2., 4., 6. er alle slynga like. Det kan vere til hjelpe å hugse: ligg det ikkje to trådar saman fremst i v. handa når du tar til på rada, så må du ta op to trådar bakan- frå i fyrste slyngen.

5. rad bregdar ein som 1. og 3. rad.

Mønster. Arbeidsteikning.

No er den øvste faste kanten av veven så brei som på biletet fig. 10. Kan hende han ser breidare ut. Men når vi skal bregde mønster, gjer vi det med å ta op att ein av dei fyrre slyngane

for kvart hol. Då vert den faste kanten smalare. Ser vi på arbeidsteikninga og den ferdige prøva (fig. 10), så ser vi at *kvar prikk på teikninga svarar til eit hol i bregdinga*. Ovanfor dei fyrste prikkane på teikninga er det 5 rader tote ruter. Dei svarar til dei 5 radene som alt er bregda. Etter teikninga må det då vere 26 rader att på prøva. Så er teikninga 37 ruter brei. Det høver til dei 37 dobbletrådane i renninga, eller dei 37 slynga i ei rad. Såleis finn vi at *ei tom rute på teikninga svarar til ein slyng i bregdinga*.

6. rad. Fyrst kjem det to opne ruter på teikninga. Bregd då fyrst to vanlege sl. (slyngar). I tredje rute er det ein prikk, og då må ein bregde eit hol, d. e. ikkje lage ein ny sl. men bare ta op ein sl.

Fig. 9. Her er fyrst 1 slyng — så hol. frå fyrre rada. Og det er slyngen mellom fyrste tråden inni og fyrste tråden bak v. hand vi tar op. Stikk då som vanleg h. klypa eller peikefingeren frå h. og bakom trådane i v. hand, og ta h. peikefingeren bakanfrå inn i veven ovanfor den sl. som skal ut. Hald laust i veven, så sl. gir ned mot v. fingertuppene (fig. 9). Den tråden som før låg fremst inni v. hand, har no glide bort på h. tommel. Ta så med v. klype eller peikefinger, etter fig. 9, i den andre av dei trådane som lagar den sl. du vil ha bort. Tråden i v. klype tar du heilt inn i v. hand, og tråden i h. klype heilt inn i h. hand, så sl. mellom trådane glir ut. Tråden på h. tommel gir så laus bak h. hand. Etterpå bregdar du ein vanleg sl.: tar fyrste baktråd fram og lar fyrste framtråd gli bak. Bregd så hol og sl. annakvart tak bortover, etter teikninga, og to sl. sist i rada. Det er alltid minst *ei* open rute mellom prikkane på breidda av teikningane. For til desse mønstra bregdar ein aldri to hol utan minst *ein* sl. mellom, eller to rader med hol i utan ei rad med bare sl. mellom dei.

7. rad vert då berre vanlege sl. Men få endeleg tak i den fyrste baktråden til dei sl. som stengjer for hol! Elles kan det verke uråd å bregde næste rad.




Fig. 9. Her er fyrst 1 slyng — så hol.

8. rad. Etter teikninga bregdar ein fyrst ein sl., og så annakvart hol og sl. bortover rada.

9. rad. Bare sl.

10. rad. Bregd fyrst 4 sl. Byt så med 1 hol, 3 sl., 1 hol, 3 sl. o. s. b.

11. rad. Bregd bare vanlege sl. over heile veven, trass i teikninga.

12. rad. Dei hola du laga i fyrre rada, skal du no gjøre større med å ta ut dei sl. som stengjer for hola. Du bregdar såleis 12. rad nett som 10. rad. Det er bare lettare no du kan ta h. peikefingeren inn i hol. Eit lite hol er 2 sl. høgt, eit stort hol vert 4 sl.

Bregd heretter etter arbeidsteikninga.

Nedknytinga. Ta alle spildrene ut etter kvart, til det bare er att to i det siste skjelet, ei oppo og ei nede. Dra ein tverrråd gjennom veven attmed øvreplidra, og fest tråden likeså godt som den tverrråden veven heng i. Gjer like eins attmed nedrespildra. Desse trådane må vere stramme og ligge jamfast innå vevkantane. Ta så bære spildrane ut over veven. Dei to knutane ein bruker mest til nedknytinga, erkjende. Prøv både! Ha t. d. knuten med to tak fig. 19 på det eine stykket, og den som prøva syner, på det andre. Ta til midt mellom bordene ved eine vevkanten, og klypp over to trådpar av renninga. La trådane fra øverborda hange, og knyt ein knute på den nedre trådbundten fast ned å tverrråden. Knyt så renningstrådane fra øverborda fast op mot den øvre tverrråden, før du klypper av ein ny bundt renningstrådar. Når du har knytt veven ned, dreg du desse to siste tverrrådane ut.





Fig. 10. Ferdig prøve.



Arbeidsteikning.

Persinga. Nedreborda vert stundom mykje uiamn. Men væter ein borda, og så strekkjer henné mellom ørekanten og frysene for ein bruker strykejernet, vert ho fin.

Råd og rettleiding.

Når ein vil renne til sprang, må ein først bregde ei lita prøve av garnet, der ein ikkje før veit på lag kor mykje det fyller. Etterpå er det lett å rekne ut kor mange dobbeltrådar ein må renne.

Er det eit stort mønster som fig. 21, bør ein etterpå rekne ut etter arbeidsteikninga kor mange gonger ein kan bregde mønstret opatt i renningstrådane. Stundom må ein då renne nokre trådar til, så kanten kan bli ven.

Attmed dei tverrtrådane som skal bere renninga, bør det vere ein tråd av same slag som renninga. Denne tråden står att i spranget når arbeidet er ferdigt, og ein tar ut dei andre tverrtrådane.




Fig. 11. Ymse blomar av store hol

Skaleinrenninge opmykje, er det greitt å leggie ramma ned med endane t. d. på eit bord og eit par stolrygger.

På Nordmøre skal dei ha brukt å bregde utan ramme når arbeidet var svært stort — eit sjal t. d. Då heng ikkje renninga op ned, men ho er strekt tværs over stova, høveleg høgt op frå golvet mellom to tunne stenger. Desse kan hange i trålykkjer, minst så langt ut frå vegen at ein får rom til nysta når ein renner velen.

Ein kan også renne som vanleg, men knyte renningstrådene i øvre tverrtråden, når ein er ferdig. Skuv skjelet op å øvrespilda,

så det vert første rad, og ta to baktrådar op til første sl. No ligg renningstrådane attmed den øverste kanten som dei låg ved nedrekanten på prøva.

Det plar vera lettast å renne med bare *eit* skiel. Men då vert det eine stykket ei slynggrad breiare enn det andre. Må ein ha breidden heilt lik, kan ein renne med to skjel. Set då ei skjel-spidle fast i skrätrådane midt mellom tverrtrådane, og renn så at tråden krossar på både sider av midspilda.

Nokre av mønstret høver godt til stripet renning. Mange av dei bregda tinga frå gravfunn i Egypt er randet i to eller fleire fargar. La det ikkje vere knutar på renninga andre stader enn *midt* mellom tverrtrådane. For då får ein knutane bort når ein knyter sprangen ned.

Til eit breitt arbeid er det lettast å bare ta op noko av renninga i v. handa, og bregde det først. Før ein tar op meir, set ei ei skjel-spidle inn i det nye skjelet og bakom resten av renninga.

Mange gamle sprangrammer er laga så at ein kan snu dei op ned. Har ein bregda vanleg nokre rader, kan ein ta ut alle spildrene utan dei to som står i same skjelet, og snu ramma så nedreborda vert øvre bord. Votten fig. 29 bregdar ein som vanleg frå høgre. Tverrstri-pene kjem fram med di ein snur ramma op ned etter mønstret på biletet.

I nokre sprang er det store hol-




Fig. 12.

med ei ramme av små hol ikring, eller store hol i ring om små. Sjå t. d. fig. 20 og 25. Skal ein få mønstret heilt midt i ramma, lyt ein lage det, når ein elles bregdar rader med bare sl. Her på arbeidsteikningane er i desse høva mønstret sett ei rute ovanfor midten. For det er lettast, og mange bruker det så. Teikninga og prøva fig. 12 fortel kva som er finast. Sjå også fig. 1.

Ein kan knye ned arbeidet noko etter kvart, så knuterada ikkje vert ei bein line. Såleis kan ein få tunger i nedrekanten av spranget, eller få fram andre høvelege former. Fig. 30.

Til eit skjerf er det greitt å ikkje klykke renningsrådane av, men bregde stykka tett saman, og så dra eit par trådar gjennom skjelet og feste dei godt.

Fig. 13. Sprang fra Nordfron, Gudbrandsdalen.
Sjå arbeidsteikning.





Fig. 14. Sprang nytta til å lage ei frynse. Mønster fra Hallingdal.
Sjå arbeidsteikning.




Fig. 15. Sprang. Sjå arbeidsteikning.




Fig. 16. Sprang etter mønster fra Romsdalen.
Sjå arbeidsteikning.




Fig. 17. Bregda etter sprang fra Dovre. (Sandv. Saml.)
Sjå arbeidsteikning.




Fig. 18. Bregda etter sprang fra Hole, Lesja, Gudbrandsdalen. (Sandv. Saml.)
Sjå arbeidsteikning.




Fig. 20. Sprang etter mønster fra Romsdalen.
Sjå arbeidsteikning.




Fig. 19. Sprang etter mønster fra Gudbrandsdalen.
Sjå arbeidsteikning.




Fig. 21. Sprang fra Rindalen, Nordnøre. (Norsk Folkemuseum.)
Sjå arbeidsteikning.




Fig. 22. Bregda etter sprang fra Tynset. (Sandv. Saml.)
Sjå arbeidsteikning.




Fig. 25. Sprang. Sjå arbeidsteikning.




Fig. 24. Sprang. Sjå arbeidsteikning.

Fig. 23. Sprang fra Nord-Fron, Gudbrandsdalen.
Sjå arbeidsteikning.






Fig. 26. Sjal av frottégarn.




Fig. 27. Duk med telemarksaum,
kroksting og sprang.




Fig. 28. Bregda vott frå Vågå, Gudbrandsdalen. Fyrst er bregda eit stykke på dei tri fingrane og så rent til veslefingeren. Sjå arbeidsteikning.




Fig. 29. Gammal „kyrkjevott“ frå Skjåk, Gudbrandsdalen. I annakvar stripe ligg alle slynga mot høgre. Votten er sydd saman i sida og tommen er strikka.



Fig. 30. Veske av kunstsilke
med celluloidlås.



Fig. 31. Sypose av perlegarn.
Sjå arbeidsteikning.




Fig. 1




Fig. 2





Fig. 4




Fig. 5




Fig. 6




Fig. 16




Fig. 14




Fig. 15




Fig. 13




Fig. 18




Fig. 17




Fig. 19




Fig. 19




Fig. 20

Fig. 22

Fig. 21

↓ Sett til den 5te prikkerada i andre firkanten av hol.





Fig. 23







Fig. 24

Fig. 25




Fig. 28




Fig. 31